

Torsk



Status og råd


Bestanden er i god stand og over langtidsgjennomsnittet (1946–2012). Gytebestanden er på eit historisk høgt nivå. Årsklassane 2004 og 2005 er godt over gjennomsnittet, medan årsklassane 2006–2010 er på eller litt under gjennomsnittet. 2011- og 2013-årsklassane var svært sterke på 0-gruppestadiet, men det er usikkert kor sterke dei vil vise seg å vere på seinare alderstrinn. Bestanden auka sterkt frå 2006 til 2009, og totalbestanden har sidan 2009 vore på mellom 3,0 og 3,5 millionar tonn. Bestanden blir forvalta av Noreg og Russland i fellesskap. Den gode bestandssituasjonen skuldast i stor grad at ein har følgd forvaltingsplanen i fleire år. Torsken har dessutan spreidd seg utover eit større leveområde i Barentshavet dei siste åra, noko som truleg heng saman med høge temperaturar og store isfrie område. Vekst og kjønnsmodning ser så langt ikkje ut til å vere påverka av endringane i bestanden.

Fiskeri

Totalkvoten for 2012 var 751 000 tonn, medan den totale internasjonale fangsten var 754 000 tonn. Norsk fangst utgjorde 342 000 tonn i 2012. Andre fangstnasjonar er i rangert rekkefølge: Russland, Færøyane, Spania, Storbritannia, Island, Grønland, Tyskland, Portugal, Polen, Frankrike, Kviterussland, Irland og Estland. Om lag 70 % av årsfangsten blir tatt med botntrål, resten blir fiska med garn, line, snurrevad og juksa. Fisket i 2012 vert rekna som berekraftig.

Nordlegare gyting

Ein stadig større del av den gytemodne torsken (skrei) vert fiska nord for det tradisjonelle hovudgyteområdet i Lofoten. Mykje skrei er tatt langs kysten nordover frå Lofoten til Sørøya (eit tradisjonelt gyteområde) og også på kysten av Vest-Finnmark. Fenomenet er ikkje nytt; også i perioden 1930–1950 var det ei nordleg gyting. Dette veit vi frå fangststatistikkar (leveransar av rogn og torsk fordelt på område langs kysten). I perioden 1930–1950 var det varmare enn normalt i havet, slik det også er i dag, og dette trur vi er ein av hovudgrunnane til at gyteområda har flytta seg nordover.



Bestand og landingar av nordaustarktisk torsk.
Stock size and landings of Northeast Arctic cod.

NORDAUSTARKTISK TORSK

Torsk – *Gadus morhua* – Northeast Arctic cod
Andre namn: Skrei, jedd, jadd, bruning
Familie: Torskefamilien
Maksimal storleik: 169 cm og 55 kg
Utbreiing: Barentshavet
Hovudgyteområde: Lofoten/Vesterålen
Gytetidspunkt: Mars–april
Føde: Fisk og krepsdyr

Nøkkeltal:

AVTALT KVOTE 2014: 993 000 tonn,
norsk kvote: 437 735 tonn (ekskl. kysttorsk)
AVTALT KVOTE 2013: 1 000 000 tonn,
norsk kvote: 451 340 tonn (ekskl. kysttorsk)
FANGST 2012: 754 000 tonn,
norsk fangst: 342 000 tonn
NORSK FANGSTVERDI 2012: Ca. 4 milliardar kroner



Fakta om bestanden:

Torsk er ein rovfisk tilknytta botnen, men i Barentshavet kan han i delar av året opphalde seg mykje i dei frie vassmassane. Ungfisk (0–2 år) et mykje dyreplankton, medan fisk og botnorganismar er viktigast for den eldre torsken. Dei viktigaste gytefelta for nordaustarktisk torsk er i Vesterålen/Lofoten. Egga blir gytt i frie vassmassar i februar–april. Både egg og larvar driv med straumen inn i Barentshavet, der yngelen botnslår seg seint på hausten. Mesteparten av bestanden finn ein i Barentshavet, på den varme sida av Polarfronten (til ca. 76°N og 50°Ø). I varme år går utbreiinga lenger nord og aust. Såleis har ein om hausten dei to siste åra funne torsk heilt nord til 82°30'N (nord for Frans Josefs land) og aust til 79°Ø (i det nordlege Karahavet).

Den nordaustarktiske torsken er den største torskebestanden i verda. Andre havbestandar av torsk finst ved Island, Færøyane, i Austersjøen, Nordsjøen og Irskesjøen, vest av Skottland og i Georges Bank- og Newfoundland-områda i Nordvest-Atlanteren. I tillegg finst det lokale kyst- og fjordbestandar langs kysten av Noreg, Sør-Grønland og Canada.